

# Vågå kommune

Rammer og retningslinjer for taksering  
i henhold til lov om eiendomsskatt

Endeleg vedteke i takstnemnd for eigedomsskatt i møte 15.01.  
2020.

Vågå, 15.01.2020

Birgit Jeanne Brim  
Leiar takstnemnda for eigedomsskatt

Øyvind Stål  
Medlemmar takstnemnd for eigedomsskatt

---

## Rettsgrunnlag og prinsipp for takseringsarbeidet

---

### Rettsgrunnlag

Etter egedomsskattelova § 8 A-3 andre og fjerde ledd skal dei skattepliktige eigedommene i kommunen takserast av ei nemnd utnemnt av kommunestyret, sakkyndig nemnd.

Takseringsretningslinjer skal sikre korrekt takstnivå og likebehandling av skattytarane, og er eit nødvendig verktøy i nemndas arbeid.

### Verdsetningsnorm

Etter egedomsskattelova § 8 A-2 første ledd skal takstverdien bli fastsett til det beløp det må reknast med at eigedommen ut frå dens «*innretning, brukseigenskap og plassering*», kan bli avhendet for ved fritt sal under vanlege omsetningsforhold, dvs. eigedommens alminnelege omsetningsverdi.

### Takseringsmetode

Ved taksæringen skal det for bustadhús og leilegheiter nyttast Skatteetaten sine formuesverdiar. Dette er endelege fastsetjingar og det er ikkje grunnlag for nærmare vurdering av desse. For dei bustader som ikkje har formuesverdi frå Skatteetaten, skal rammer og retningsliner følgjast for taksering av desse eigedommene.

For fritidsbustader, gardsbruk og næringseigedommar nyttast det prisopplysningar frå tidlegare sal, prisstatistikkar og databasar, samt lokalkunnskap, for å finne normal marknadspris per kvadratmeter for den enkelte egedomstype – i kommunen samla eller i dei enkelte deler av kommunen (inndeling i prisoner). Normalprisane (sjablongprisane) blir fastsett med ein forsiktigheitsmargin.<sup>1</sup>

Eigedommene blir vurdert ved ei utvendig synfaring. Ved synfaringa blir det gjort ei skjønnsmessig vurdering av individuelle forhold ved den enkelte egedom og omgivnadene som kan føre til at berekna forslag til takst blir justert opp eller ned.

### Retningslinenes karakter og virkeområde

Retningslinenes sjablongprisar og faktormatriser blir normalt lagt til grunn, men kan fråvikas dersom dei i enkeltilfelle vil føre til ei takst som nemnda til klart urett sett i forhold til lovens verdsetningsnorm eller prinsippet om likebehandling.

Etter egedomsskattelova § 8 A-3 første ledd skal egedomsmassen som hovudregel takserast kvart tiande år. Desse takseringsretningslinene og sjablongprisane som er fastsett i dei skal nyttast gjennom heile takstperioden, inntil neste hovudtaksering («*alminneleg taksering*»).

---

<sup>1</sup> Sjå takseringsveilederen kapittel 6.8

## Måleeiningar

Ved taksering av bygningsareal nyttast «bruksareal» (BRA), som definert i Føringsinstruks for Matrikkelen<sup>2</sup>. For opne, overbygde areal nyttast «busett areal» (BYA).

## Forslag til takst før vurdering av individuelle forhold ved den enkelte eigedom

### Metoden for fastsettjing av forslag til takst

#### *Busett eigedom*

1. Bygningens bruksareal multipliserast med etasjefaktor
2. Tellende bruksareal multipliserast med sjablong kvadratmeterpris for bygningstypen
3. Summen i pkt. 2 multipliserast med eventuell sonefaktor

#### *Ubygd eigedom*

1. Matrikkeleiningas areal multipliserast med stykkpris for tomt
2. Summen i pkt. 1 multipliserast med eventuell sonefaktor

Metoden gje eit berekna forslag til takst, før synfaring og bruk av individuelle skjønnsfaktorar.

Arealopplysningar og andre faktaopplysningar om eigedommene blir henta frå Matrikkelen og eventuelt ved førespurnad til eigar.<sup>3</sup>

## Sjablong kvadratmeterprisar

#### *Bustader og fritidsbustader*

For einebustad, tomannsbustad, einebustad med sokkelleilegheit, rekkehus, kjedehus, terassehus og leilegheitsbygg skal Skatteetaten formuesverdi nyttast. For dei eigedommene som ikkje har formuesverdi frå Skatteetaten, skal følgjande sjablongprisar nyttast:

Bygningsgrupper	Kvadratmeterpris
Einebustad (111-113)	13.500
Tomannsbustad, fleirmannsbustad (121-124)	13.500
Rekkehus, kjedehus, terrassehus (131–136)	13.500
Leilegheitsbygg (141–146)	13.500
Våningshus (113)	9.000
Hytter (161,162)	21.500
Fritidsleilegheiter	21.500
Garasje, annekts, uthus (181–182)	2.500
Naust, båthus, sjøbu (183)	2.500

<sup>2</sup> <http://www.kartverket.no/globalassets/matrikkel/veiledning/f-instruks/foeringsinstruks-matrikkelen.pdf>

<sup>3</sup> Sjå takserings veilederen kapittel 4

**Garasje, annekts og uthus under 10 kvadratmeter blir ikke taksert.**

### *Ubygde tomter*

Tomtekategori	Stykkpris <sup>4</sup>
Tomt heilårsbustad	100.000
Tomt fritidsbustad	100.000
Tomt næringstomt	60,- pr. m <sup>2</sup>

Sjablongprisane for tomtegrunn gjeld utparsellerte tomter.

### *Etasjefaktor*

Etasjetype	Etasjefaktor
Hovedetasjer	1,0
Loftsetasje (innreid) – H2 / H3	0,8
Underetasje (sokkel)	0,6
Egen bueining i underetasje (leilegheit)	0,8
Kjelleretasje	0,2

Etasjeinndelinga følgjer Matrikkelføringsinstruksens definisjonar. Loft som ikkje er buareal har etasjefaktor 0.

### *Sonefaktor<sup>5</sup>*

Kommunen er delt inn i soner ut frå forskjellar i prisnivået i ulike delar av kommunen. Sonene går fram av tabellane nedanfor, og er vist i kart, sjå vedlegg.

#### *Bustadeigedom og bustadtomter, bustadhus på konsesjonspliktig landbrukseigedom*

Soner	Sonefaktor
Sone A – Vågåmo	1,0
Sone B – Randsverk/Synslia	0,7
Sone D – Bustad utanfor regulert område*	0,8
Sone E – Lalm, regulert	0,9

\*Randsverk/Tessand/Skogbygda/Sjårdalen/Midtli inngår i sone D

#### *Fritidseigedom og tomter til fritidseigedom*

Soner	Sonefaktor
Sone A – Vågåmo	1,0
Sone B – Fritid utanfor regulert område	1,0
Sone C – Fritid innanfor regulert område	1,1
Sone D – Sjodalen	1,0

<sup>4</sup> Sjå takseringsveilederen kapittel 6.5.8

<sup>5</sup> Sjå takseringsveilederen kapittel 6.5.2, 6.5.3 og 6.5.5

## **Skjønnsmessig vurdering av forhold på og omkring den enkelte eide**

### **Metoden for vurdering av individuelle forhold ved eideommane**

Med utgangspunkt i berekna forslag til takst blir det gjort ei utvendig synfaring av eideommane. Ved synfaring blir det sett forslag til faktorar for individuelle forhold på sjølve eideommen og omkring eideommen som kan tilseie at salsverdien ligg høgare eller lågare enn berekna forslag til takst.<sup>6</sup> Eideommane vert fotografert. Om nødvendig blir det gjort ei kontrollmåling av areal.

### **Skjønnsmessig vurdering av forhold på eideommen**

Standard, vedlikehald og alder på bygningen er bygningsmessige forhold som kan påverke eideommen sin salsverdi. Opparbeiding av hageanlegg og parkeringsplass samt grad av utnytting, er forhold ved tomta som kan påverke salsverdien. For fritidsbustader kan også forhold som vassforsyning, avlaupsforhold, tilgang på breiband og straumforsyning påverke salsverdien. Som samlebeteckning for individuelle forhold på eideommen nyttast «standard».

Følgjande inndeling blir nyttta ved taksering av både heilårsbustader og fritidsbustader:<sup>7</sup>

Høg standard	1,1 – 1,2
Normal standard	1,0
Låg standard	0,9 – 0,5

### **Skjønnsmessig vurdering av forhold omkring eideommen**

Utsikt, støy, lysforhold, strandline, adkomstforhold, kraftlinjer og reguleringsmessige forhold er eksemplar på forhold ved den enkelte eideommens omgivnad som kan påverke salsverdien. Som samlebeteckning for individuelle forhold omkring eideommen nyttast «plassering».

Følgjande inndeling nyttast ved taksering av heilårsbustader og fritidsbustader:<sup>8</sup>

God plassering	1,1
Normal plassering	1,0
Mindre god plassering	0,9 – 0,5

### **Forslag til takst korrigert for standard og plassering**

Beløpet kvar faktor utgjer, bereknast av foreløpig berekna takst.

## **Sakkunnig nemnds takstvedtak**

Sakkunnig nemnd fastset takstvedtak for den enkelte eideom ut frå ei vurdering av forslag til takst, bilete av eideommen og synfaringsmennenes forslag til faktorfastsetjing.<sup>9</sup>

<sup>6</sup> Sjå takseringsveilederen kap. 10 om krav til dokumentasjon og arkivering av opplysningar frå synfaringa

<sup>7</sup> Sjå takseringsveilederen kapittel 6.9.2

<sup>8</sup> Sjå takseringsveilederen kapittel 6.9.2

<sup>9</sup> Sjå takseringsveilederen kapittel 10 om nemndas sakshandsaming

---

## Vedlegg til rammer og retningsliner for eigedomsskatt

---

- Takseringsveilederen fra KS
- Taksering av næringseigedommar
- Sonekart

Lenke til kommunens nettsider: [www.vaga.kommune.no](http://www.vaga.kommune.no)

# **EIGEDOMSSKATT**

## **Taksering av næringseigedomar i Vågå kommune**

### **UTREKNING AV TAKST**

**SJÅ BAKSIDA PÅ ARKET.**

#### **Takst**

Taksering av næringseigedomar byggar på kapitalisering av netto leigeinntekter (avkastningsprinsipp). Det er takstmann som ved synfaring har gjort sitt skjønn for å kome fram til verdien. Det er 3 grunnleggjande forhold som er lagt vekt på:

- Leigepris
- Eigarkostnader/unytta areal
- Forrentingsprosent/kapitalisering

#### **Leigepris**

Årleg brutto leige kjem fram ved kva ein kvadratmeter av oppbygd areal kan leigast ut for i den opne marknaden (ofte omtala som leigemeterpris). Leigeprisen kjem fram ved vurdering av plassering, eigenskap og nytteevne. Type bygg vil også ha betydning f.eks. vil eit kontorbygg kunne ha høgare leigemeterpris enn eit lagerbygg. Det er sett opp følgjande parameterar som utgangspunkt for dei skjønnsmessige vurderingar som er gjort:

Forretningseigedomar	kr. 175 – kr. 700 pr. m <sup>2</sup>
Kontoreigedomar	” 175 – ” 700 ” ”
Produksjonseigedomar	” 100 – ” 400 ” ”
Lagereigedomar	” 75 – ” 400 ” ”

Takstmannen har brukt skjønn for å kome fram til leigemeterprisen for det enkelte bygg innanfor desse parameterane. Unntaksvis vil det skje at leigemeterpris ligg utanfor desse rammene. For bygg med fleire etasjar har ein omrekna arealet med faktor 0,8 for hovudetasje 2, faktor 0,6 for underetasje og faktor 0,2 for kjellar.

#### **Eigarkostnadar/ikkje nytta areal**

Dei utgifter som ikkje kan fordelast på leidgetakar omtalast som eigarkostnadar og kan vere:

- Vedlikehaldskostnadar utvendig
- Vedlikehaldskostnadar innvendig (på fellesareal)
- Forsikring (bygning)
- Utskifting av tekniske anlegg som ikkje lenger økonomisk sett lar seg vedlikehalde på ein forsvarleg måte.
- Administrasjonskostnadar (forvaltning, revisjon med meir).

Med ikkje nytta areal tenkjer ein på marknadsmessig vurdert unytta areal og ikkje faktisk unytta. Fullt utleigd/brukt bygning i ein marknad kor tilbod og etterspørsel er i balanse – tilsvavar ein unytta del på ca. 4 – 5 %. Eigarkostnadene kan i sum utgjere 15 - 20% av årleg brutto leige. Også her vil taksmannens skjønn ha betydning og vil i nokre tilfelle kunne avvike noko. Normalt vil eigarkostnadar og unytta areal utgjere 20% (5% + 15%).

## **Forrentningsprosent/kapitalisering**

I økonomisk samanheng er dette ein utrekning av kapitalverdien på eit visst tidspunkt av ein serie betalingar over ein tidsperiode. Desto meir attraktiv ein eigedom er jo lågare kapitaliseringsfaktor. Kapitaliseringsfaktoren er berekna frå rente og marknadssituasjonen.

Ved vurdering av kapitaliseringsfaktor er det lagt vekt på:

- eigedomens plassering og eksponering
- tomta
- bygningen sin tekniske og vedlikehaldsmessige stand
- bygningen sin innemiljø
- bygningen sin effektivitet
- bygningen sin tilpassingsdyktigheit og fleksibilitet
- leigekontraktar

Som utgangspunkt har taksmannen vurdert kapitaliseringsfaktoren innanfor ramma av 8 – 13. Unntaksvise kan det etter taksmannens skjønn ha blitt brukt kapitaliseringsfaktorar utanfor denne ramme.

### **Eksempel**

Dersom vi tenkjer oss ein eigedom på det jamne – eit kontorbygg. Det har ein storleik på 200 m<sup>2</sup> og lett atkomst. Ein takstbereking kan kome fram slik:

$$\begin{array}{lcl} 200 \text{ m}^2 \times \text{kr. } 400,- & = & \text{kr. } 80.000,- \quad (\text{sum stipulert leigeinntekt}) \\ \text{Frådrag eigarkostnad/vakanse } 20 \% & = & " \quad 16.000,- \\ \text{Netto leigeinntekter} & & \text{kr. } 64.000,- \end{array}$$

Kapitaliseringsfaktor skjønnsmessig fastsett til 11 og vi får følgjande reknestykke:  
**Netto leigeinntekt gange 100 delt på kapitaliseringsfaktor = Takstverdi**

$$\begin{array}{r} \frac{64.000 \times 100}{11} \\ = \text{Takstverdi (avrunda) kr. } 581.000,- \end{array}$$







